

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
141/18	Plan- og miljøutvalet	PS	21.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Knut Bjørnevoll	18/2092

Dispensasjon og løyve til etablering av vassleidning - GBNR 131/4 m fl Remme og 141/97 Fosse Indre m.fl

Vedlegg :

Oversending av søknad til behandling av Kystverket etter havne- og farvannsloven - Utlekking av vannledning - gbnr 131-4 RemmeOversender til uttale - søknad om dispensasjon for vassleidning - gbnr 131-4.PDFVassleidning Krosslia - Remme - ønsker avklaring om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 131/4 m fl Remme og 141/97 FosseFølgebrevidispensasjonssøknadNytt vannanlegg Alversundet 2018_Tema naturmangfoldNabovarsel og dispensasjon frå kommunedelplan Alverstraumen - ny hovudvassleidning mellom Krosslia og Remme - Gnr. 131 bnr. 4 og 5
RadøyvegSituasjonsplanteikningarteikningarteikningar

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen og plankravet i kommuneplanen (jf. pbl § 11-6) og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 for etablering av vassleidning i samsvar med søknad motteken 06.07.2018.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av vassleidning i samsvar med søknad motteken 06.07.2018, på følgjande vilkår:

- 1. Gjennomføringa av tiltaket skal planleggast og utførast på ein slik måte at det vert teke omsyn til fauna og flora langs trasèen.**
- 2. Arbeidet skal leggast opp slik at ein unngår inngrep i /varig skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar hustuffer m. m. Ved tvil skal kulturstyresmaktene kontaktast.**
- 3. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplanar mottekne 06.07.2018, med heimel i pbl. § 29-4.**
- 4. Dersom Statens vegvesen krev det, skal det liggja føre godkjent**

graveløyve og godkjent skilt- og sikringsplan plan før arbeidet nær fv 565 tek til.

- 5. Dersom det ved graving kjem fram funn som kan vera automatisk freda kulturminne, skal arbeid på denne staden stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Plan- og miljøutvalet - 141/18

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen og plankravet i kommuneplanen (jf. pbl § 11-6) og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 for etablering av vassleidning i samsvar med søknad motteken 06.07.2018.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av vassleidning i samsvar med søknad motteken 06.07.2018, på følgjande vilkår:

1. Gjennomføringa av tiltaket skal planleggast og utførast på ein slik måte at det vert teke omsyn til fauna og flora langs trasèen.
2. Arbeidet skal leggast opp slik at ein unngår inngrep i /varig skade på

- kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar hustuffer m. m. Ved tvil skal kulturstyresmaktene kontaktast.
3. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplanar mottekne 06.07.2018, med heimel i pbl. § 29-4.
 4. Dersom Statens vegvesen krev det, skal det liggja føre godkjent graveløyve og godkjent skilt- og sikringsplan plan før arbeidet nær fv 565 tek til.
 5. Dersom det det ved graving kjem fram funn som kan vera automatisk freda kulturminne, skal arbeid på denne staden stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet. Dersom Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon, skal vedtaket sendast til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

Saksopplysningar

Tiltak:	vassleidning
Byggjestad:	Gbnr: 131/4
Tiltakshavar:	Lindås kommune
Ansvarleg	Haugen Vva AS
søkjær:	

Saka gjeld

søknad om etablering av ny hovudvassleidning som skal forsyna den nordlegaste delen av Lindås sitt område på Radøy (Remme) Traseen er markert med bokstav A til H på kartet:

Lindås kommune skal byggje vassforsyning til Remme. Prosjektet vil omfatte ny røyrleidning på tvers av Radsundet, nord for Kvamsvågen og Årsholmen. Røyrleidning knytast til kommunalt røyrnett på gnr/bnr. 145/97 i Krosslia – Skarsvegen. Vassleidning leggjast gjennom borehol i fjell til sjø, båe i Krosslia og på Remme. Trase vil krysse eigedomane gnr/bnr. 131/5 og /4 på Remme og Neshaugen. Fram mot Radøyvegen (kum V4) leggjast røyr i veg. Leidning avsluttast ved Juvika. Samstundes leggjast privat vassleidningar parallelt med hovudleidning for forsyning av private eigedomar. Stikkleidning fram til kvar bustad må utførast i samarbeid mellom grunneigarane på Remme og Neshaugen.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader, anna enn frå Vegvesenet, som peikar på moglege krav om arbeidsvarsling, men elles ikkje har merknad til søknaden.

Planstatus

På Radøy-sida vert leidningen lagt over areal med føremålet LNF i Kommunedelplan for Alverstraumen. På Alversund-sida er arealføremålet bustad i Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023. Sjøleidningen er i samsvar med føremålet, då kommuneplanen tillet infrastruktur lagt i sjø.

Dispensasjonar etter PBL som skal handsamast


Radøysida: LNF-føremålet og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8.

Alversund-sida: Krav om utarbeiding av reguleringsplan og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8.


Privatrettsleg

Frå søknaden:

Kopi av grunnavtalar mellom Lindås kommune og grunneigarar som får vassleidning over eigedomen vil bli innsend i samband med søknad om igangsetjingsløyve.



Situasjonsplan



Biologisk mangfold

er vurdert i vedlagt rapport frå NNI Resources AS.

Dispensasjonssøknaden

er vedlagt. Utdrag frå søknaden:

Leidning vil hovudsakleg bli lagt på botn i sjø og over dyrka innmark. Inngrep i terreng vil haldast på eit minimumsnivå og alle vassføringsveger vil bli oppretthaldt. Terreng blir tilbakeført slik at grasbakke for forproduksjon kan bli etablert over røyrtrase. Tiltaket vil ikkje vere synleg etter anleggsslutt.

Vi meiner at bygging av ny hovudvassleidning vil gi store fordelar til lokalsamfunn i nordvestre del av Lindås kommune. Desse vil vere større enn dei ulempe som tiltaket førar til i areal avsett til LNF-område.

Vurdering av naturmangfald i anleggsområdet er gjennomført. Rapport konkluderer med ein liten til middels verdi for naturmangfald.

Uttale til søknaden

Søknaden er sendt på høyring til regionale og kommunale plan- og landbruksstyresmakter .

Statens vegvesen

uttalar i e-post 24.08.2018:

Slik vi vurderer denne saken kreves det ikke dispensasjon fra byggegrensen langs veg.

Fiskeridirektoratet

har gjeve uttale til søknaden til Kystverket som skal handsama søknad om tiltak i sjø etter Hamnelova:

Vi ber tiltakshaver ta hensyn til gyteperioden for kysttorsk som er i perioden februar –mars. Det bør unngås å legges kabler/ledninger i denne perioden.

Videre ber vi Kystverket stille vilkår for å unngå skader, fare, forhindre restriksjoner, mv. i det farvannet som berøres av tiltaket, jf. lov om havner og farvann § 29, tredje ledd.

Fylkesmannen i Hordaland

Har ikkje komme med uttale til søknaden.

Vurdering

Pbl § 12-1

Pbl § 12-1, tredje ledd, første punktum lyder: *For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan.*

Tiltaket går over ein strekning på ca 6 km, men det vil ikkje få særlege verknader utanfor sjølve leidningstrasèen, ved korrekt og omsynsfull utføring av arbeidet, slik det er tilrådd i notatet *vurdering av tema naturmangfold*. Tiltaket medfører etablering av grøft i naturverdiar som er ordinære for regionen. I den grad det vil vera mogeleg å reetablere tilsvarande vegetasjon etter utføring av tiltaket, vil konsekvensane for naturmangfaldet vera svært små.

Etter kommunen si vurdering er tiltaket så godt opplyst at det kan godkjennast utan krav om reguleringsplan.

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seia at alle vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftsiinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Desse omsyna vil, i varierende grad, og gjerde seg gjeldande på ein bygd eigedom. Til dømes vil landskapsomsyn, her landskapsestetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlina lyt avgrensast

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Offentleg vassforsyning til nye område vert sikra. Leidningane skal gravast ned og terrenget skal reetablerast og vil såleis ikkje endra bruken av arealet.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak LNF-føremålet og strandsonevernet ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av etableringa av vassleidningen, under føresetnad av arbeidet vert utført i samsvar med vilkåra i framlegg til vedtak.

Moment som talar mot godkjenning:

- Tiltaket er i strid med LNF-føremålet og forbodet mot tiltak i strandsona
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Det har ikkje komme merknader frå naboar
- Fylkesmannen har ikkje komme med merknad
- Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta
- Tiltaket er viktig for sikring av vassforsyning til nye område på Remme
- Tiltaket er eit viktig infrastruktur – og folkehelseiltak som vil sikra drikkevatt av god kvalitet til fleire innbyggjarar i kommunen

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei offentleg vassforsyning til nye område i kommunen.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på samfunnsnyttan anlegget vil få.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF-

føremålet, plankravet og forbudet mot tiltak i strandsona er oppfylt.

Søkar har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova i notatet *Vurdering av tema naturmangfold* datert juni 2018. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no . Kommunen legg denne vurderinga til grunn og finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova dersom dei råda som er gjeve i rapporten frå NNI Resources vert følgt.

Lenke til innsyn:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018002092&